



Kai Hansen Trykkeri Avdeling Hordalandet



Program 2023-2027

BØMLO

SENTERPARTI

Grunnsyn

Senterpartiet vil bygga samfunnet nedanfrå. Me arbeider for eit samfunn der menneske kan utvikla seg i fridom og tryggleik, der vi tar ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Verdigrunnlaget til Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og menneskeverdet er ukrenkeleg og overordna andre verdiar.

Senterpartiet arbeider for eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske skilnadar. Rettferdig fordeling, små skilnadar, gode levekår og sosial tillit heng tett saman. Senterpartiet skal jobba for utjamning mellom samfunnsgrupper, mellom landsdelar og mellom rike og fattige land.

Bømlo kommune i dag og fremover

Bømlo kommune er ein god stad å bu, trygg oppvekst og gode levekår for oss som bur her. Me har mykje flott natur ramma inn av sjø og hav. Folket her er allsidige og kreative, det ser me både i kulturlivet og i det mangfaldige næringslivet i øyriket. I alle generasjonar er det folk som bidreg til å skape eit godt samfunn, både for dei som har djupe røter her og dei som av ulike grunnar finn vegen hit frå andre kantar av landet og verda. Senterpartiet vil arbeide for at dei nye innbyggjarane opplever Bømlo som eit godt og inkluderande samfunn.

Samtidig som me vil arbeida for vekst og positivt utvikling heile kommunen. Me vil arbeida for ein samlande politikk for alle innbyggjarane i Bømlo. Me ynskjer ikkje konkurranseutsetje kommunale oppgåver for å svekka dei ansatte sine arbeidsvilkår og rettighetar. Bømlo Senterpartiet meiner at Bømlo fortsatt skal vera eigen kommune.



Skule og oppvekstvilkår

Å sikre gode oppvekstvilkår og ein god start på livet for våre barn og unge noko av det mest sentrale me som lokalsamfunn kan gjera. Dessverre ser me ei auka utfordringar med fråfall frå skulen og at fleire unge faller «utanfor», dette er noko me må ta på alvor også på Bømlo. I dette arbeidet står samarbeid mellom kommunen, føresette og frivilligheita heilt sentralt.

For å møte utfordringane ynskjer Bømlo Senterparti å gjera følgjande:

- Å jobbe for ein meir praktisk og mindre teori prega skule som sikrar at fleire opplever meistring i skulen.
- Støtte opp om alternative skuletilbod som foreksempel Alvsvåg alternative skulearena.
- Oppretthalde det gode barnehagetilbodet me har i kommunen med full barnehage dekning.
- Om det opnar seg moglegheiter for det, vurdera om kommunen igjen skal drifte enkelte barnehagar om det svarar seg økonomisk.
- Sikra eit godt og innhaldsmessig likeverdig skuletilbod for alle barn og unge i kommunen.
- Sikre nok ressursar i skulen slik at ein kan følgje opp elevar som treng ekstra oppfølging på ein god måte.
- Støtte opp om og sikra vidareutvikling av Bømlo vidaregåande slik at ungdom slepp å flytta frå kommunen for å ta utdanning.
- Sikre at det er gode moglegheiter for tilsette i skulen å ta relevant vidareutdanning.
- Vidareutvikla tilbodet ved kulturskulen slik at alle som ynskjer det får plass.
- Jobbe for at det på ungdomskulane tilby praktiske valfag som arbeidslivsfaget.
- I dei neste 4 åra oppretthalde dagens skulestruktur, om ikkje det kjem eit ønske frå elevar og foreldre om å gjera endringar.



Frivilligheit, kultur og idrett

Bømlo Kommune har eit rikt organisasjons, idrett og kultur liv. Dette er ein av dei viktigaste bærabjelkane i eit lokalsamfunn både for barn, unge, vaksne og eldre. Utan frivilligheita stopper Bømlo opp.

For å sikra eit fortsatt aktivt organisasjons, idrett og kultur liv på Bømlo ynskjer Bømlo Senterparti å gjera følgjande:

- Jobba for auka støtte til frivilligheita i kommunen.
- Utvikla gode møteplassar for ungdom i heile kommunen.
- Stimulera til auka bruk, vedlikehald og utvikling av løpenettet i kommunen.
- Oppretthalda og vidareutvikla eit allsidig idrettstilbod.
- Styrke biblioteket som kulturformidlar.
- Arbeida for at det kan oppretta eit bygdemuseum.

Helse og omsorg

Ein vil framover blir fleire eldre, samtidig som fleire oppgåver blir flytta frå sjukehusa til kommunane. Dette vil medføra at det vil bli eit auka behov for ressursar og kompetanse innan helse og omsorg. Samtidig som «kampen» om dei menneskelege ressursane blir større. Målet er at folk skal kunne bu og klare seg heime så lenge som mogleg.

For å møte desse utfordringane ynskje Bømlo Senterparti å gjera følgande i perioden:

- Ha en tydleg styrking av førebygging, rehabilitering og heimebaserte tenester.
- Sjå på moglegheitene for å bygge opp eit tilbod med bemanna omsorgboligar (omsorg +) inkludert eit dagtilbod på Moster, Langevåg og Svortland.
- Sikra stabilitet og rekruttering ved å syta for at det i hovudregelen er faste og fulle stillingar innan helse- og sosialsektoren (heiltidskultur).
- Sikre at det er gode moglegheiter for tilsette i helse og omsorg å ta relevant vidareutdanning.
- I samarbeid med fylket, høgskular/universitet og NAV sjå på alternative utdanningsløp for helsefagleg utdanning.
- Styrke samarbeidet med frivilligheita slik at frivilligheita kan bistå med tilbod som ikkje trenger helsefagleg kompetanse.
- Sjå på moglegheitene for eigen frivilligheitskoordinator innan helse og omsorg.
- Ha ei satsing på velferdsteknologi.
- Sikra at ein har nok institusjonsplassar i kommunen.
- Arbeide aktivt for at ein får nok fastlegar i kommunen ved å gjer det attraktivt å söka på stillingane og sikra gode arbeidsforhold for legane.
- Arbeide for at det blir utarbeida ein bustadsosialplan
- Sjå på moglegheiter for utbygging av private omsorgsleilegheiter.
- Arbeide for auka bruk av startlån for at folk skal kunne bygga om sine private bustad ved behov.

Inkludering og integrering

Senterpartiet har som mål at alle skal få like moglegheiter til å delta, bruke sine ressursar og være ein aktiv del av lokalsamfunnet. Det å sikre at einskilde personar og grupper ikkje fell utanfor er viktig for både den einskilde og heile samfunnet. Senterpartiet vil ha eit samfunn som aksepterer og inkluderer alle menneske uavhengig av funksjonsnivå, alder, kjønn, seksuell orientering, religion eller etnisk bakgrunn.

For å sikra god integrering og inkludering ynskjer Bømlo Senterparti å gjera fylgjande:

- Arbeide for at kommunen i samarbeid med NAV, Fylkeskommunen (vidaregåande) og næringslivet sikrar at folk får moglegheiter for utdanning og arbeid. Vurdera om kommunen saman med desse aktørane skal inngå ei samarbeidsprosjekt med der ein gjer eit tilbod med yrkestilpassa opplæring (som ikkje følger normalt utdanningsløp).
- Sikre at vaksenopplæringa har nok ressursar til å gje eit godt tilbod.
- Arbeide for at ein får auka fleirkulturell kompetanse i både skule og helse- og omsorg.
- Arbeide for flyktningar og asylsøkarar blir busett i heile kommunen.
- Arbeide for at Bømlo blir eit «Demens vennleg samfunn»
- Sikre at ein i all planlegging følger krav om universell utforming.
- Arbeida for at det lages ein egen plan for inkludering og integrering i kommunen
- Sjå på mogleheitene for at Bømlo kommune skal bli ein «Helt med» kommune.
- Auka bruk av startlån for å sikre at folk kjem inn på bustad marknaden.

Jord, fiske og havbruk

Å sikre at ein har nok mat til eigne innbyggjarar er noko av det viktigaste ein kan gjer som samfunn. Den auka uroa i Europa og elles i verda har fått enda tydlegare fram viktigeita av nettopp dette. Bømlo har forutsetningar for å produsere og hauste meir mat både på land og til havs.

Bømlo Senterparti ynskjer å legge til rette for vekst og utvikling i desse næringane gjennom å gjera fylgjande:

- Legge til rette for rekruttering av unge til jordbruk, fiske og havbruk.
- stimulera til nyskaping og vekst i jordbruket i kommunen.
- ha eit sterkt vern av dyrka/dyrkbarjord.
- stimulera til nydyrkning
- tilskot frå kommunen til dei som vil ta vare på kulturlandskapet.
- oppretthalde bu- og driveplikta
- Arbeida for at eigarskap til fiskeri og havbruk er lokalt forankra.
- Arbeide for at kommunen i samarbeid med lokale matprodusentar, turismenæringen og resten av næringslivet marketsørar Bømlo som ein «matkommune».

Samferdsel

Det å sikra gode kommunikasjon og samferdselsløysingar i kommunen er svært sentralt for at folk skal ynskje å bu i kommunen og at næringslivet skal være konkurransedyktige.

For å møte desse utfordringane ynskje Bømlo Senterparti å gjera fylgjande:

- Arbeida aktivt for at reservepakken i Bømlopakken blir realiserte.
- Ha en gjennomgang av beredskapsplanane for å sikre beredskapen i forbindelse med stengte bruer.
- Arbeide for å få på plass eit reservestø for ferje. (som en del av beredskapen)
- Arbeide for at ein opprettheld og strykar kollektiv tilbodet til og frå Bømlo (buss/båt/ferje).
- Arbeide for at ein opprettheld busstilbodet internt i kommunen.
- I samarbeid med fylket sjå om det kan være aktuelt å opprette eit «hent meg» tilbod på Bømlo. (buss tilbod der ein bestiller transport når ein treng det direkte frå der ein bur når ein treng det)
- Sikra godt vedlikehald av kommunale vegar.
- Arbeide for at det opprettast «Hjertasonar» rundt skulane.
- Arbeide for at det gjennomførast ein mobilitetsanalyse.
- Arbeide for at det etablerast miljøgate i sentrum.

Nærings og industriutvikling

Skal kommunen ha folkevekst og ei positiv utvikling må kommunen legge til rette for at det kjem fleire arbeidsplassar, at det er nok tomter/boligar og at det er gode moglegheiter for å nyta seg av den flott naturen som ein har i kommunen.

For å sikre dette ynskjer Bømlo Senterparti å gjera fylgjande:

- Legge til rette for at det er tilgjengelege næringsareal i kommunen.
- Legge til rette for at Bømlo tar del i næringsutvikling rundt ny grøn teknologi.
- Sikre og legge til rette for utvikling innan skipsfart.
- I samarbeid med næringslivet stimulere til grundervirksomhet.
- Arbeida for ein auka satsing på turisme i kommunen.
- Arbeida for å bygge ut og utvikle Bømlo Fiskerihamn.

Miljø, naturforvaltning og samfunnsutvikling.

Bømlo har eit rikt og mangfaldig natur og dyreliv som er me som samfunn må ta vare på og forvalte på ein berekraftig måte. For Senterpartiet er lang-siktig og ansvarleg forvaltning grunnprinsippet og me meiner at ressursane nyttast best gjennom berekraftig bruk. Forureining og klimaendringar skadar miljøet og gjev store utfordringar for ei berekraftig forvaltning og er noko me

som lokalsamfunn også må ta på alvor, det same gjelder utfordringane me gå i møte med eit kraftunderskot.

For å møte desse utfordringane ynskjer Bømlo Senterparti å gjera følgande:

- Arbeide for at det utarbeidast ein plan for oppvarming og bruk av energi i offentlege bygningar, der ein blant anna ser på moglegheiter for eksempel solcellepanel, fjernvarme, borehol m.m. i tilknyting til offentlege bygningar
- Sikre at ein tar vare på den unike naturen som er i kommunen, samtidig som det skal være moglegheiter for utvikling og bruk av naturen.
- Være positiv til desentralisert utbygging for på den måten styrka skule og frivillige lag og organisasjoner i heile kommunen.
- Være positivt innstilt til utredningar og analyser som ser på moglegheiter for etablering av ny energi produksjon.

Kommuneøkonomi

Skal kommunen klare å lever gode tenester til innbyggjarane også i framtida er det å sikre god kommuneøkonomi heilt nødvendig.

For å sikre dette ynskjer Bømlo Senterparti:

- Sikre at gjeldsgraden til kommunen ikkje blir for høg.
- Kritisk vurdere kva investeringar som er nødvendig og sikre at ein får mest mogleg ut av investeringane.
- Væra open for strukturendringar som er nødvendig for å sikre tjenester av god fagleg kvalitet og ei drift som er økonomisk berekraftig øve tid.



VALLISTE

BØMLO SENTERPARTI

- 1. Sammy Olsen - 1952 - Svortland**
- 2. Randi Karin Habbestad - 1975 - Svortland**
- 3. Bjørn Asle Teige - 1962 - Rubbestadneset**
- 4. Leif Christian Mæland Andersen - 1985 - Svortland**
- 5. Miriam Sortland - 1966 - Folderøyhamn**
- 6. Fredrik Røksund - 1999 - Moster**
- 7. Knut Arne Torget - 1959 - Goddo**
- 8. Christine Schei Alfredsen - 1990 - Fylkesnes**
- 9. Christian Hollund Aga - 1989 - Rubbestadneset**
- 10. Lukas Navikauskas - 1997 - Nese**
- 11. Bjarte Aartun - 1955 - Rubbestad**
- 12. Synnøve Nordtun - 1965 - Sønstabø**
- 13. Runar Aga - 1981 - Urangsvåg**
- 14. Solfrid Bø Halleråker - 1969 - Meling**
- 15. May Kjersti Teige - 1966 - Rubbestadneset**
- 16. Kåre Habbestad - 1945 - Urangsvåg**
- 17. Solfrid Karin Aga - 1950 - Svortland**
- 18. Svein Waage - 1949 - Brandasundet**
- 19. Jorunn Hivand Nordtun - 1971 - Nordtun**
- 20. Magne Mæland - 1974 - Gilje**